



Betel Søndagskule

Arvid Aasgaard

5939 SLETTA

Referansar:

Dykkar:

Vår: 19/384 - 19/11478

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

31.07.2019

Informasjon til lag og organisasjonar - august 2019

Eg håpar de har ein fin sommar! Det er mykje som skjer framover, både i Radøy og i Alver-regi, og nedanfor er litt informasjon som er verdt å merka seg.

Tilskotsordningar – Radøy kommune

Ekstraordinær ordning

Radøy kommune har oppretta ei ekstraordinær, søkbar tilskotsordning til lag og organisasjonar. Økonomisk ramme for ordninga er 2 millionar kroner.

Ikkje-kommersielle lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune eller organisasjonar med anlegg i Radøy kommune kan søkja om eingongstilskot til investeringar i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg.

- Det vert sett av 1 500 000 kr til investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg. Av desse vert 1 000 000 kr sett av til større tiltak med 200 000 kr som maksimum løying pr tiltak, og 500 000 kr til mindre tiltak med 50 000 kr i maksimal løying pr tiltak.
- Det vert sett av 500 000 kr til song/musikk med øvre løying på 75 000 kr per lag.

Søknaden skal innehalda ein omtale av tiltak og budsjett for tiltaket. Det er ikkje eige skjema for tilskotsordninga.

Søknadsfrist er 1. september.

Søknad skal sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post: postmottak@radoy.kommune.no.

Har du spørsmål til ordninga, ta kontakt med Bente K. Hervik tlf. 56 34 90 12.

Prosjekt- og aktivitetsstøtte

Tilskot kan gjevest til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevest som underskotsgaranti eller direkte tilskot. Det er 30 000 kroner til fordeling.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Søknadsfrist 1. september.

For meir informasjon og søknadsskjema sjå www.radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Midlar til integrering- og inkluderingsstiltak

Lag og organisasjoner kan søkja om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune. Tilskotsordninga har som føremål å stimulera til deltaking i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktninger og innvandrarar, som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.

Det kan søkjast om midlar til:

- arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltaking for målgruppene.
- andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt.

Det vert ikkje løyvd midlar til å dekke lovpålagte tenester over tilskotsordninga. Det er kr 40 000 til fordeling. Søknadsfrist er 1. oktober.

Søknad kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no

Leiaropplæring

Det kan gjevest støtte til lag og organisasjoner til å dekka utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året.

For meir informasjon sjå www.radoy.kommune.no/kulturmidlar, evt ta kontakt med bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Tilskotsordningar – andre

Kulturtiltak - Kulturtiltak amatør og profesjonell

Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning «Tilskot til kulturtiltak – amatør» og «Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell» har søknadsfrist 1. september.

Les meir om desse og andre tilskotsordningar på <http://www.hordaland.no/nn-NO/tilskot/>.

Gjensidigestiftelsen

Gjensidigestiftelsen deler ut midlar til lag og organisasjoner som er registrerte i Brønnøysundsregisteret. Dei støtter tiltak innanfor meistring, tryggleik og læring, sosial inkludering og mangfold, fysisk aktivitet og kosthand. Søknadsfrist er 15. september. Les meir på: <http://www.gjensidigestiftelsen.no/>

Extrastiftelsen

Extrastiftelsen gjev støtte til tiltak innan frivilligheit og helse. Søknadsfrist er 15. september. Les meir på: <https://www.extrastiftelsen.no/sok/>

Momskompensasjon - generell ordning

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal i 2019 fordele 1,6 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjoner . Formålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet gjennom å kompensere for kostnader som frivillige organisasjoner har hatt til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester. Rekneskapsåret 2018 er grunnlaget for søknaden i 2019. Søknadsfrist er 1. september. For meir informasjon og søknadsskjema, sjå <https://lottstift.no/tilskotsordningar/om-momskompensasjon-generell-ordning/>.

NB: Sentralledd har eigne fristar for rapportering frå underledda sine. Sjå den aktuelle organisasjonen sine nettsider, eller ta kontakt med sentralleddet for nærmere informasjon.

Kulturprisen – Radøy kommune

Kulturprisen vert gjeve til einskildpersonar, grupper, organisasjoner og lokale institusjonar for aktivt, frivillig kulturarbeid over lang tid. Profesjonelle kulturarbeidarar som driv kulturverksemd på nasjonalt nivå, eller som gjennom særsla gode einskildprestasjonar har utmerka seg, kan òg få kulturprisen. Her skal det leggjast vekt på om arbeidet eller prestasjonane gjev positive ringverknader lokalt.

Kulturprisen skal ikkje tildelast landsomfattande organisasjoner/institusjonar og heller ikkje personar tilsette i slike organ. Den eller dei som får kulturprisen skal bu eller verka i Radøy kommune. Ingen einskildperson kan få prisen meir enn ein gong.

Forslag til kulturprismottakarar kan fremjast av innbyggjarar eller lag og organisasjoner heimehøyrande i Radøy kommune. Forsлага skal vera grunngjevne.

Frist for å koma med framlegg på kandidatar er sett til 1. september. Framlegga skal sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til postmottak@radoy.kommune.no

Alverdagen

Me inviterer lag og organisasjoner til å stilla med stand/utstilling på Alverdagen, som vert arrangert laurdag 19. oktober kl. 11.00-15.00 i Knarvik arena (same bygg som den nye barneskulen i Knarvik). Arrangementet skal vera ein møteplass for heile den nye kommunen der frivillighet, aktivitet og det gode liv i Alver skal vera i fokus. Målet er at dagen skal bidra til å skapa ei fellesskapskjenste blant alverbuane og ei stoltheit over alt den nye kommunen har å by på.

For meir informasjon sjå vedlagt invitasjon eller www.alverkommune.no/alverdagen.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Invitasjon til å ha stand på Alverdagen 19.10.2019

